

Kva gjer du som føresett viss du har mistanke om at barnet ditt har dysleksi?

Når dokker ser at barnet dokkar strevar med lesinga, enten det gjeld å lære å lese eller den vidare leseutviklinga, er det viktig at dokker varslar kontaktlærer raskt, samtidig som dokker fortset å øve godt med barnet.

Bruk gjerne «sjekklista» du finn i dokumentet [«Teikn på dysleksi»](#). Stemmer det du ser hos ditt barn med fleire av punkta i lista, er det på tide å varsle kontaktlærer.

Kontaktlærer vil då sende elevmelding til ressursgruppa på skulen, og ressursgruppa avgjer saman kva tilbod vi skal gje barnet vidare.

Kva tilbod det kan vere snakk om, vil vere avhengig av alderen på barnet, omfanget av vanskane og kva tiltak som eventuelt er sett inn tidlegare.

Kontaktlærer gir dokker tilbakemelding om kva ressursgruppa har bestemt.